

## Fylkesmennene og kommunene

Kontaktperson: For kommunen: Fylkesmannen  
For fylkesmannen: Landbruksdirektoratet v/seksjon direktetilskudd

Vår dato: 27.5.2016  
Vår referanse: 16/1-16  
Rundskriv 2016-16

## Utbetaling av produksjonstilskot etter søknad med frist 20. januar 2016

Hovudutbetalinga av produksjonstilskot etter søknad med frist 20. januar 2016, skjer onsdag 1. juni. Søkjarane vil normalt ha pengane på konto innan fredag 3. juni. Landbruksdirektoratet vil informere om utbetalinga på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no).

Dette rundskrivet handlar om både hovudutbetalinga og korleis handsame manuelle utbetalingar.

Utbetalinga med søknadsfrist 20. januar gjeld desse tilskota:

- tilskot til husdyr
- tilskot til bevaringsverdige storferasar
- tilskot til lammeslakt og kjeslakt
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon
- tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- tilskot til avløyning ved ferie og fritid

Kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot til føretak som deltek i tiltaket «Friskare geiter» blir utbetalt til om lag same tid.

<b>1</b>	<b>TILSKOTSBREV OG UTBETALING VED DEN SENTRALE UTBETALINGA.....</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>SØKNADER SOM ER AVSLÅTT, AVVIST ELLER STOPPA.....</b>	<b>3</b>
2.1	SØKNADER MED STOPPKODE 635.....	3
2.2	SØKNADER MED STOPPKODE 637 OG 639.....	4
2.3	SØKNADER MED STOPPKODE 644.....	4
<b>3</b>	<b>SØKNADER SOM ER STOPPA SENTRALT ELLER AV FYLKESMANNEN.....</b>	<b>4</b>
<b>4</b>	<b>VEDTAK OG UTBETALING ETTER SENTRAL UTBETALING.....</b>	<b>5</b>
4.1	FRISTAR FOR Å FÅ HJELPEUTREKNING.....	5
4.2	MANUELL UTBETALING AV TILSKOT.....	5
4.3	KONTROLL AV MANUELLE UTBETALINGAR.....	6
<b>5</b>	<b>ENDELEGE SATSAR OG REGLAR FOR UTREKNING.....</b>	<b>6</b>
5.1	TILSKOT TIL HUSDYR.....	6
5.2	TILSKOT TIL BEVARINGSVERDIGE STORFERASAR.....	7
5.3	TILSKOT TIL LAMMESLAKT OG KJESLAKT.....	7
5.4	DRIFTSTILSKOT TIL MJØLKEPRODUKSJON.....	8
5.5	DRIFTSTILSKOT TIL SPESIALISERT KJØTTFEPRODUKSJON.....	9
5.6	TILSKOT TIL ØKOLOGISK LANDBRUK.....	9
5.7	DISTRIKTS- OG KVALITETSTILSKOT TIL FRUKT, BÆR OG VEKSTHUSGRØNSAKER OG DISTRIKSTILSKOT TIL POTETPRODUKSJON I NORD-NOREG.....	10
5.8	KOMPENSASJON FOR BORTFALL AV TILSKOT FOR SØKJARAR SOM DELTEK I «FRISKARE GEITER» ..	11
5.9	RAPPORTAR I SAMBAND MED UTBETALINGA.....	12
<b>6</b>	<b>TILSKOT TIL AVLØYSING VED FERIE OG FRITID, AVLØYSARÅRET 2015.....</b>	<b>12</b>
6.1	SATSAR.....	12
6.2	UTREKNA MAKSIMAL REFUSJON FOR 2016.....	12
<b>7</b>	<b>BOTNFRÅDRAG, AVKORTING OG TREKK I TILSKOTET.....</b>	<b>13</b>
7.1	BOTNFRÅDRAG.....	13
7.2	FOR SEINT LEVERT SØKNAD.....	13
7.3	TREKK I UTBETALINGAR.....	14
7.4	REKKEFØLGJE PÅ TREKK I TILSKOTET.....	14
<b>8</b>	<b>UTMÅLING TIL FØRETAK I DRIFTSFELLESSKAP.....</b>	<b>15</b>
8.1	UTMÅLING AV MAKSREFUSJONSGRUNNLAG FOR AVLØYSARUTGIFTER.....	15
8.2	VEDTAK TIL SØKJARAR I DRIFTSFELLESSKAP.....	16
8.3	VEDLEGG TIL TILSKOTSBREV.....	18
8.4	REGISTRERING I RuLUT.....	19

## 1 Tilskotsbrev og utbetaling ved den sentrale utbetalinga

Føretak som har ein ferdig behandla og godkjent søknad, får den 1. juni eit sentralt produsert brev i Altinn som viser kommunen sitt vedtak, grunnlaget for utrekning av tilskotet, satsar og utbetalt beløp (tilskotsbrev). Søkjaren vil normalt ha pengane på konto innan fredag 1. juni.

Samtidig som tilskotsbrevet blir tilgjengeleg i Altinn, får søkjaren varsel på mobil og/eller e-post. Føretak som ikkje har oppgjeve mobilnummer eller e-postadresse, får i tillegg tilsendt tilskotsbrevet på papir.

Kopi av alle tilskotsbrev ligg i ROB. Lista PT-5040 viser utbetalt beløp per føretak.

Pengane blir overført til den kontoen som er registrert for landbruksføretaket.

Søklar som har registrert eit kontonummer som ikkje lenger er i bruk, får utbetalt tilskotet til den kontoen som var registrert for føretaket. Bankane behandlar dette enten ved å

- overføre beløpet til kunden sitt nye kontonummer, eller
- returnere beløpet til Landbruksdirektoratet

Landbruksdirektoratet betalar ikkje ut tilskotet på nytt før beløpet er returnert til direktoratet og søklar har registrert nytt kontonummer. Føretaka registrerer eller endrar kontonummeret i eit eige skjema i Altinn ([Endring av bankkontonummer for landbruksforetak](#)), eller dei kan registrere/endre kontonummer på skjema LDIR-056 og sende det til kommunen.

## 2 Søknader som er avslått, avvist eller stoppa

Kommunene må sjølve skrive og sende ut vedtak for søknader som er avslått eller avvist av kommunen, samt søknader som er stoppa. Søknader med feilmelding 635 og nokre med feilmelding 644 får eit sentralt produsert brev som viser vedtak i saka. Feilmeldingane som er omtalt i dette kapittelet tilsvarar feilmeldingane frå lista PT-1003.

### 2.1 Søknader med stoppkode 635

*635 Søknaden er avslått, foretaket ikke opprettet innen søknadsfristen*

Søknader med kode 635 vert avslegne direkte. Føretaka fyller ikkje grunnvilkåret i § 2 i forskrifta om å vere føretak innan søknadsfristen. Søkjarane får eit vedtak om avslag i tilskotsbrevet ved hovudutbetalinga av produksjonstilskot

Søknad frå føretak som ikkje var oppretta innan søknadsfristen får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*Søknaden er avslått fordi føretaket ikkje var registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd § 2*

## 2.2 Søknader med stoppkode 637 og 639

*637 Søknaden er avslått av kommunen*

*639 Søknaden er avvist av kommunen*

Søknader med kode 637 og 639 får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avslag, dersom dette ikkje allereie er gjort.

## 2.3 Søknader med stoppkode 644

*644 Søknaden om avløysartilskot er stoppa*

*644 Søknaden om avløysartilskot er avslått (feilmelding 247 i inputkontrollen)*

Søknader som er stoppa med feilmelding 644 kan vere stoppa eller avslått. For å sjå om søknaden er stoppa eller avslått må kommunen sjå i PT-1001.

Søknader som ligg med feilmelding 247 har vorte avslått og søkjar får automatisk beskjed om dette i sitt tilskotsbrev.

*Søknad om avløysartilskot for 2015 er avslått på grunn av at du ikkje var rettkomen avløysartilskot i 2015.*

Søknader som ligg med feilmeldingar med kode 200–299 (med unntak av 247) blir stoppa. I tillegg blir søknader til føretak som var i driftsfellesskap 1.1.2015 stoppa. Kommunen må i desse tilfella fortsette sakshandsaminga, fatte vedtak og sende ut eige vedtaksbrev til føretaket. I tilskotsbrevet til søkjar vil følgjande tekst stå:

*Søknad om avløysartilskot er stoppa. Ta kontakt med saksbehandlaren i din kommune.*

## 3 Søknader som er stoppa sentralt eller av Fylkesmannen

Søknader som er stoppa frå den sentrale utbetalinga, må kommunen vurdere nærare. Kommunen kan så fatte vedtak, og eventuell utbetaling kan skje. Lista PT-1003 syner dei søkjarane dette gjeld og kva som er årsaka til at dei er stoppa. Dette gjeld søknader med meldingane:

*609 Søknadsskjema feilmeldt, men ikkje retta*

*610 Kontrollskjema feilmeldt, men ikkje retta*

*642 Søknaden stoppa på grunn av driftsfellesskap*

*644 Søknaden om avløysartilskot er stoppa (sjå delkapittel 2.3)*

*645 Søknaden stoppa av Fylkesmannen*

For søknader som er stoppa med kode 609, 610, 642 og 645 får søkjarane tilsendt eit brev samtidig med at hovudutbetalinga går. Brevet varslar om at det er høve ved søknaden som må undersøkjast nærare:

*Søknaden om produksjonstilskot pr. 01.01.16 er motteken av kommunen, men sakshandsaminga er ikkje avslutta grunna omstende som må undersøkjast nærare. Vedtak i saka vil bli sendt så snart søknaden er ferdig handsama.*

Kommunen må vurdere slike søknader med grunnlag i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket.

## 4 Vedtak og utbetaling etter sentral utbetaling

Søknader, klage på vedtak og manuelle utbetalinger skal behandlast etter forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket. Rettleiing finn du i rundskriva for den aktuelle søknadsomgangen: <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/dokumentarkiv>

Du finn endelege satsar i kapittel 5 i dette rundskrivet, mens rutinane for manuell behandling av saker er omtalt i [rundskriv 2015-46](#)

### 4.1 Fristar for å få hjelpeutrekning

Kommunen kan i forkant av vedtaket kontakte fylkesmannen for å få hjelpeutrekning. Fylkesmannen registrerer søknaden i fagsystemet RuLUt. På grunnlag av dei registrerte opplysningane blir det rekna ut brutto tilskot, oppdelt på aktuelle heimlar. Resultatet av utrekninga blir presentert i rapport PT-2210 og rapportane PT-890 og PT-891, som ligg i ROB. Kommunen kan nytte desse til å fatte vedtak om utbetaling.

For at data skal kome med i hjelpeutrekningane, må registreringa vere avslutta innan dei tidspunkta som er vist i tabell 1. Hjelpeutrekningane vert køyrd om ettermiddagen, og resultatata vil normalt vere klare dagen etter.

**Tabell 1. Tidsplan hjelpeutrekning**

<b>Frist for registrering</b>	<b>Resultat klart</b>
Tysdag 07.06. kl 16.00	Torsdag 09.06.
Måndag 13.06. kl 12.00	Tysdag 14.06.
Måndag 20.06. kl 12.00	Tysdag 21.06.
Måndag 27.06. kl 12.00	Tysdag 28.06.
Måndag 04.07. kl 12.00	Tysdag 05.07.
Måndag 15.08. kl 12.00	Tysdag 16.08.
Måndag 22.08. kl 12.00	Tysdag 23.08.

### 4.2 Manuell utbetaling av tilskot

Fagsystemet RuLUt, som behandlar manuelle utbetalinger, blir etter planen tilgjengeleg for fylkesmennene i veke 23. Landbruksdirektoratet sender meir informasjon om dette i e-post til fylkesmennene. Utbetalingane blir gjennomført med grunnlag i registreringane fylkesmannen har gjort i RuLUt.

Frist for dei manuelle utbetalingane er **onsdag 31. august**. Da hentar Landbruksdirektoratet ajourhaldsdata og alle manuelle utbetalinger bør vere gjennomført. Data frå søknader som ikkje er ferdig handsama i RuLUt før 31. august, blir ikkje overført til Landbruksdirektoratet og blir ikkje tilgjengelege i LIB. Dersom det er avvik mellom maskinelt utrekna tilskot og manuelt utbetalt tilskot, ønsker Landbruksdirektoratet rapportering på dette, sjå frist i

[rundskriv 46/2015](#).

### 4.3 Kontroll av manuelle utbetalinger

I første halvdel av september blir dei manuelle utbetalingane kontrollert maskinelt. Resultatet av kontrollen får kommunen i listene PT-1201 og PT-895D. Kommunen skal gå gjennom listene og fatte vedtak om tilbakebetaling om det er utbetalt for mykje tilskot. Dersom det er avvik mellom maskinelt berekna tilskot og manuelt utbetalt tilskot, skal kommunen sende forklaring på dette til Fylkesmannen, som sender dette vidare til Landbruksdirektoratet. Fristen for Fylkesmannen finn ein i [rundskriv 46/2015](#).

## 5 Endelege satsar og reglar for utrekning

I hovudutbetalinga er dei endelege satsane og utrekningsreglane nytta i maskinell utrekning for den enkelte søknad. I dei manuelle utbetalingane skal dei same satsane og utrekningsreglane leggast til grunn. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har fastsett dei endelege satsane som gjeld for utbetaling av tilskot for søknadsomgangen 20. januar 2016.

Satsane for fleire av ordningane **er redusert** samanlikna med dei førebelse satsane i jordbruksavtalen. Merk at alle satsar er fastsett i heile kroner. De må bruke dei endelege satsane i dei manuelle sakene.

### 5.1 Tilskot til husdyr

Etter jordbruksavtala 2015–2016 er det største årlege beløpet for tilskot til husdyr for kvart føretak 560 000 kroner. Ved søknad pr. 1. januar 2016 vert tilskotet avgrensa slik at utbetalt tilskot i alt for augustomgangen 2015 og januaromgangen 2016 ikkje vert meir enn maksimalbeløpet. Merk at tilskot til lammeslakt, tilskot til bevaringsverdige storferasar og tilskot til økologisk husdyrproduksjon ikkje skal reknast inn i maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr.

For føretak som driv både kumjølkeproduksjon og spesialisert storefekjøttproduksjon må ammekyr vere av minst 50% kjøttferase før det kan bli gjeve tilskot som ammeku.

Kva raser som er godkjende som kjøttferase går fram av jordbruksavtala 2015–2016.

For slakta gris (kode 184 i søknaden) vert det gjeve tilskot til husdyr for 91,19 % i intervallet 1-1 400 dyr. Dette fordi at talet på slakta gris det er søkt tilskot for, er større enn 1 190 000 dyr, som er det maksimale talet dyr det nasjonalt kan gis tilskot for etter jordbruksavtalen.

*Døme: Ein søkjar som har slakta 1 000 gris i 2015 får tilskot for  $1000 \times 91,19 \% = 912$  slakta gris. Avrund talet gris etter vanlege reglar for avrunding.*

Merk at kommunen må redusere tal dyr med rett til tilskot òg ved manuelle utbetalinger

Tabell 2. Tilskot til husdyr

Dyreslag	Intervall	Sats i kr/dyr <sup>1</sup>
<i>Mjølkeku</i>	1-16	1 974
	17-25	1 016
	26-50	490
	51+	392
<i>Ammeku</i>	1-50	1 950
	51+	392
<i>Storfe</i>	Alle dyr	392
<i>Mjølkegeit og mjølkesau</i> <sup>2</sup>	1-125	735
	126+	270
<i>Sau/ammegeit</i>	1-100	1 009
	101+	245
<i>Avlsgris</i>		
- <i>Sør-Noreg</i> <sup>3</sup>	1-35	341
- <i>Jæren</i> <sup>4</sup>	1-35	267
- <i>Nord-Noreg</i>	1-35	481
<i>Slakta gris og gris selt som livdyr med levende vekt på minst 50 kg</i> <sup>5</sup>		
- <i>Jæren</i> <sup>4, 6</sup>	1-1 400	14
- <i>Landet for øvrig</i>	1-1 400	18
<i>Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser</i>		
- <i>Sør-Noreg</i>	1-1 000	5
- <i>Nord-Noreg</i>	1-1 000	12
- <i>landet</i>	1 001-5 000	5

## 5.2 Tilskot til bevaringsverdige storferasar

Endeleg sats er 2 156 kr pr. dyr. Det ystast berre tilskot for bevaringsverdige storfe som er registrert i Kuregisteret hjå Norsk Genressurscenter.

Kyrne må vere registrert med kalving i løpet av dei siste 15 månadene.

Oksane må vere 12 månader eller eldre ved søknad om tilskot. Tilskot gis for inntil 2 okser av same rase per føretak.

## 5.3 Tilskot til lammeslakt og kjeslakt

Lam som er slakta og klassifisert på offentleg godkjend slakteri og av godkjend klassifisør kan det

<sup>1</sup> Satsen er 0 kr/dyr utafor dei intervalla som er med i tabellen

<sup>2</sup> Føresetnad for tilskot til mjølkesau er at det kan dokumenterast at mjølka vert nytta som råstoff ved lokal foredling

<sup>3</sup> Unnateke Jæren, sjå fotnote 4.

<sup>4</sup> Kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

<sup>5</sup> Berekningsgrunnlaget er tal dyr selt førre kalenderår

<sup>6</sup> Kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

ytast tilskot for. I tillegg kan det ytast tilskot for lam som er slakta ved mindre slakteri (slakteri som slaktar inntil 2 000 sau/lam pr. år) utan godkjend klassifisør. Føretaka skal føre lam som er slakta ved mindre slakteri utan godkjent klassifisør i kode 476.

**Tabell 3. Satsar for tilskot til lammeslakt for utbetalinga for søknadsomgangen 20. januar 2016**

Dyreslag	Intervall	Sats i kr per slakt
<i>Lammeslakt</i>	kvalitet O og betre	245
	lam slakta ved små slakterier	233 <sup>1)</sup>
	tillegg for økologiske lam, kvalitet O og betre <sup>2)</sup>	20
<i>Kjeslakt</i>	over 3,5 kg og levert til offentlig godkjent slakteri	147

- 1) Sats utrekna som veid gjennomsnitt av gjennomsnittlig klassifisering av alle lam slakta i 2015. Dette gjeld dyr i kode 476 i søknad
- 2) Sats pr. økologiske lam, kvalitet O og betre, 265 kr/dyr (245 kr + 20 kr), lam levert til mindre slakteri 253 kr/dyr (233 kr + 20 kr).

Leveransar av lammeslakt må vere rapportert på produsentnummeret til det føretaket som søker produksjonstilskot for at det skal gje tilskot ved den sentrale utbetalinga. Forskrift om produksjonstilskot §7 første ledd sier: «Tilskudd utmåles på basis av det dyretall og areal som hvert enkelt foretak disponerer og i samsvar med vilkår, satser, soner, definisjoner m.m. fastsatt i eller i medhold av jordbruksavtalen.» Dette betyr at dersom føretak i søknaden har ført opp lammeslakt som er levert frå andre produsentnummer enn det som høyrer til føretaket som søker tilskot, må dei kunne dokumentere at det er føretaket som har disponert dyra.

Lista PT-1050 "Lammeslakt" gir oversikt over grunnlaget som er brukt i den maskinelle kontrollen og den sentrale utrekninga av tilskot for slakta lam. Lista kan vere nyttig for å avdekkje om det er fleire som har levert lammeslakt frå same hovudnummer.

#### 5.4 Driftstilskot til mjølkeproduksjon

**Tabell 3. Driftstilskot til kumjølkeproduksjon**

	> 5 kyr	4 kyr	3 kyr	2 kyr	1 ku
<i>Kumjølke, Jæren</i> <sup>7</sup>	58 885	47 108	35 331	23 554	11 777
<i>Kumjølke, rest Sør-Noreg</i>	62 385	49 908	37 431	24 954	12 477
<i>Kumjølke, Nord-Noreg</i>	66 385	53 108	39 831	26 554	13 277

**Tabell 4. Driftstilskot til geitmjølkeproduksjon**

	Ved 27 geiter eller fleire pr. føretak, kr/føretak	Redusert utbetaling pr. geit når det er færre enn 27 geiter pr. føretak, kr/geit
<i>Geitmjølke</i>	66 385	2 459

Føretak med både geit- og kumjølkeproduksjon får utmålt driftstilskot med utgangspunkt i talet på mjølkegeiter der talet på mjølkegeiter er 27 eller høgare. Der talet på mjølkegeiter (x) er

<sup>7</sup> Gjeld kommunane Sandes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.



mindre enn 27, vert driftstilskotet rekna ut frå talet på mjølkegeiter og deretter talet på mjølkekyr. Tillegget basert på mjølkekyr vert avgrensa på same måte  $(27-x)/27$  av maksimalt driftstilskot for kumelk i den aktuelle regionen.

Døme:

Eit føretak som har 40 mjølkegeiter (meir enn 27) og 15 mjølkekyr får driftstilskot til mjølkeproduksjon etter satsen som gjeld for produksjon av geitemjølkk, jf tabell 4.

Eit føretak i Sør-Noreg som har 14 mjølkegeiter (færre enn 27) og 3 mjølkekyr vil få 64 456 kr i driftstilskot (DT) til mjølkeproduksjon:

$$DT = A + B$$

**A. Tilskot mjølkegeit:**

Differansen mellom 27 og antall disponerte geiter (27-14 geiter =13) multipliserast med reduksjonsatsen (2 459):

$$\text{Reduksjonsbeløp} = 13 * 2\,459 = 31\,967$$

Ta maksimalt driftstilskot for mjølkegeit (66 385) og trekk frå reduksjonsbeløpet (31 967):

$$\text{Driftstilskot geit: } A = 66\,385 - 31\,967 = 34\,418$$

**B. Tilskot kumjølkk:**

Tilskotet for kumjølkk er det lågaste av to utrekningar:

1. Basert på avgrensingsfaktor:

Avgrensingsfaktor kumjølkk: Differanse geiter(27-14)/27 = 0,4815

Maksimalt driftstilskot der føretaket er: Sør-Noreg (62 385) multiplisert med utrekna avgrensingsfaktor:

$$62\,385 * 0,4815 = 30\,038$$

2. Basert på talet mjølkekyr:

Driftstilskot for 3 kyr i Sør-Noreg: 37 431

$$\text{Driftstilskot ku: } B = \text{lågeste alternativ av 1 og 2} = 30\,038$$

Her gir 1 det lågaste tilskotet.

Totalt driftstilskot for kumjølkkproduksjon og geitemjølkkproduksjon i dette dømet blir som følgjer:

$$\text{Driftstilskot} = 34\,418 + 30\,038 = 64\,456$$

## 5.5 Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Satsane er 1 425 kroner per ammeku for føretak med 6 til 39 ammekyr, rekna frå første ammeku, og 57 000 kroner per føretak for føretak med 40 eller fleire ammekyr.

## 5.6 Tilskot til økologisk landbruk

**Tabell 5. Tilskot til økologisk landbruk**

<b>Økologisk husdyrproduksjon</b>	<b>Sats</b>
Mjølkeku	1 400
Ammeku	1 000
Andre storfe	300
Sau over 1 år per 1. januar	450
Ammegeit	200
Mjølkegeit	100
Avlsgris	201
Slaktegris <sup>1)</sup>	260

1) Berekningsgrunnlaget er tal dyr selt føregående kalenderår.

Du finn nærare omtale av dei økologiske produksjonstilskotsordningane i jordbruksavtala kapittel 7.9, og i saksbehandlings- og kommentarrundskriv for aktuell søknadsomgang.

For mjølkegeit og ammegeit er det lik sats per dyr og år. Det er ulik sats per dyr i utbetalinga fordi det er to utbetalingar per år for mjølkegeit, mens for ammegeit er det ei utbetaling per år.

Tal slaktegris med rett på tilskot til økologisk landbruk (kode 831 i søknad) skal ikkje reduserast før utrekning av tilskot. Det inneber at omtale i kapittel 5.1 av reduksjon i utrekning av tilskot til husdyr for kode 184 ikkje gjeld for kode 831.

### **5.7 Distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker og distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg**

Grunnlaget for tilskota er produkt levert til godkjente omsetningsledd i perioden 1. januar til 31. desember året før utbetalingsåret. Omsetningsleddet må vere godkjent av Landbruksdirektoratet. Det er ein føresetnad for utbetaling at kvantumet i årsoppgåvene frå omsetningsledda samsvarar med eller er større enn kvantumet i søknaden.

Rapporten PTG-100 syner fylkesvis kva føretaka har levert av produkt pr. omsetningsledd. Fylkesmannen skal oppdatere denne rapporten, når det kjem korrigererte/nye opplysninger frå omsetningsledd i samband med manuelle utbetalingar eller dispensasjonssøknader. Det er kun mogleg å endre kvantum. Det er ikkje mogleg å leggje til andre pkoder enn det som ligg der. Ved hjelpeutrekninga vert søknadene kontrollert mot rapporten.

Føretak som samla leverer under minstekvantom i tabell 5 har ikkje rett på tilskot.

**Tabell 7. Minstekvantom for leveransar av frukt, bær og veksthusgrønsaker**

<b>Produkt</b>	<b>Minstekvantom</b>
Frukt og pressfrukt	2 000 kg
Bær	1 000 kg
Samla for tomat og slangeagurk	2 000 kg
Salat	5 000 stk

Distriktstilskot for potetproduksjon i Nord-Noreg har sats på kr 1,30 pr. kg matpotet levert til godkjent omsetningsledd.

Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker er differensiert mellom grupper av produkt og soner. Tilskotet ytast inntil maksimalt kvantum for kvar produktgruppe. I tillegg vert tilskotet avgrensa av ein maksimal sum pr. føretak. Maksimal sum er differensiert mellom soner, og gjeld alle produksjonane sett under eitt. Dersom det skal tildelast tilskot for fleire produkt innan same produktgruppe med felles maksimalkvantumsavgrensing, skal dei produkta med høgast sats prioriterast fyrst ved utrekning av tilskotet.

	Kvantumsgrense per føretak	Sats 2015, kr per kg/stk	
<i>Eple, pærer, plommer, kirsebær</i>	ingen avgrensing		
Sone 1		1,72	
Sone 2-4		2,30	
Sone 5		4,97	
<i>Morellar</i>			
Sone 1		2,69	
Sone 2-4		3,25	
Sone 5		5,95	
<i>Pressfrukt</i>			
<i>Bær</i>			
Sone 1-3		1,47	
Sone 4-5		3,31	
Sone 6-7		5,42	
<i>Tomat</i>		103 400 kg	
Sone 1-3			1,40
Sone 4-5		2,76	
Sone 6-7		2,76	
<i>Slangeagurk</i>	151 800 kg		
Sone 1-3		0,85	
Sone 4-5		1,64	
Sone 6-7		1,64	
<i>Salat</i>	220 000 stk		
Sone 1-3		0,55	
Sone 4-5		1,04	
Sone 6-7		1,04	

Føretaka får tilskot etter den sona hvor størsteparten av deira produksjon av kvar kultur skjer.

### 5.8 Kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i «Friskare Geiter»

Deltakarar i prosjektet «Friskare geiter» får tilskot for dei dyra føretaket faktisk disponerer på teljedatoen. Føretaka kan få vederlag for tap av produksjonstilskot og tap av tilskot til avløyning ved ferie og fritid i tiltaksperioden, og det er Fylkesmannen som fattar vedtak og betaler ut dette

etter nærare reglar.

## 5.9 Rapportar i samband med utbetalinga

I ROB, tilgjengelig via Wespa, finn du rapportar som er til hjelp ved utbetalinga. Desse rapportane kan vere av ekstra stor interesse:

PT-1001C, Feilliste tredje inputkontroll  
 PT-5040, Utbetalinger produksjonstilskudd  
 PT-1003, Søknader som er stoppet  
 PT-2200, Tilskuddsbrev, stoppede søkere  
 PT-4100A, Grunnlag for avkorting  
 PT-4100B, Søkere med avkorting  
 PT-4100C, Søknads-, kommune- og kontrolldata fra WESPA

## 6 Tilskot til avløyning ved ferie og fritid, avløysåret 2015

### 6.1 Satsar

Øvre grense for avløysartilskot for 2015 er 74 200 kroner.

Tabell 9. Tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Endelege satsar pr. dyr for 2015

Dyreslag (dyrekode på søknadsskjema)	Sats kr/dyr
Mjølkekyr (120)	3 557
Ammekyr (121)	982
Storfe (119)	593
Mjølkegeiter og mjølkesauer (140, 139)	820
Sauer over 1 år / ammegeiter (149,142)	514
Avlsgrisar (155,156)	1 173
Slaktegrisar (184)	40
Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser (160, 168)	10,3
Hestar (115,116)	1 173
Avlskaninar (180)	292
Gjæser(189), kalkunar (188),ender (187), livkyllingar og livkalkunar (185)	3,59
Slaktekyllingar (186)	0,44
Økologiske slaktekyllingar (840)	1,71
Revetisper (171)	322
Minktisper (170)	94
Hjort (181)	399

### 6.2 Utrekna maksimal refusjon for 2016

Tilskotsbrevet viser den førebelse utrekninga av maksimalt avløysartilskot for 2016, som blir søkt om og utbetalt i 2017. Utrekninga er gjort på grunnlag av førebelse satsar i jordbruksavtala 2016–2017. Sjå jordbruksavtala 2016–2017 for meir informasjon.

## 7 Botnfrådrag, avkorting og trekk i tilskotet

Kommunane og fylkesmennene må sjå til at tilskotet vert riktig redusert der det skjer utbetaling etter hovudbetalinga (manuelle utbetalingar). Sjå også jordbruksavtala 2015–2016, kapittel 7.1 og [rundskriv 46/2015](#).

Minste beløp som vert utbetalt er 300 kroner.

### 7.1 Botnfrådrag

For alle søkjarar om produksjonstilskot er det eit botnfrådrag på **6 000 kroner** per avtaleår. For driftsfellesskap skal det trekkjast eit botnfrådrag per driftsfellesskap, uansett om dei har søkt separat gjennom kvar sin søknad eller samla på eit søknadsskjema.

Botnfrådraget blir så langt det er mogleg trekt i samband med søknadsomgangen 20. august. For søkjarar som ikkje dekkjer botnfrådraget i august, blir resten trekt i samband med søknaden i januar 2016.

Botnfrådrag skal ikkje trekkast frå distriktstilskot for grønt og potetproduksjon og tilskot for avløyising ved ferie og fritid.

### 7.2 For seint levert søknad

Om søknaden vart levert etter fristen, blir tilskotet redusert med **1 000 kroner** per dag frå og med 21. januar (jf. Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 8). Søknader som vart levert 21. februar eller seinare skal avvisast, om ikkje føretaket har fått dispensasjon frå søknadsfristen.

### 7.3 Trekk i utbetalningar

Føretak som får trekk i utbetalinga på grunn av motrekning, utlegg, tidlegare for mykje utbetalt tilskot eller erstatning, får trekket spesifisert i tilskotsbrevet. Fylkesmannen har tilgang til lister i ROB, som syner kven dette gjeld. Fylkesmannen må undersøkje desse listene ved manuell utbetaling av tilskot. Der eit føretak er hefta med til dømes motrekning og utlegg, må fylkesmannen leggje dette inn i fagsystemet RuLUt, jf. rettleiinga. Sjå listene PT880, PT883 og PT886:

#### *PT880 Attståande trekk /skjema*

Denne lista viser ei oversikt over interne trekk (avkortingar og motrekningar) som er lagt inn, og kva for av desse som har attståande krav. Resttrekk frå motrekningar blir automatisk overførte til neste søknadsomgang. Vedtak om avkorting knytt seg til den søknadsomgangen vedtaket er fatta, og resttrekk av avkortinga kan ikkje overførast til neste søknadsomgang. Restbeløp av avkortingar etter §§ 11 og 12 (beløpskodene 756, 757, 760, 761 og 762) må difor slettast etter søknadsomgangen, sånn at restbeløpet ikkje trekkast ved neste søknadsomgang.

#### *PT883 Innmelde trekk*

Lista viser kva for interne trekk som er registrert på søknader som ikkje har gått til sentral utbetaling, og som skal leggjes inn dersom ein foretar ei manuell utbetaling av tilskot til føretaket. Dersom kravet kjem frå LDIR, skal det ikkje registrerast ved den manuelle utbetalinga.

#### *PT886 Attståande trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg*

Lista viser attståande trekk på skatt, moms og utlegg, både for søknader som gjekk til sentral utbetaling og søknader som ikkje gjekk til sentral utbetaling. Attståande trekk skal effektuerast i manuelle utbetalningar i inneverande periode, men blir ikkje overført til neste søknadsomgang. Det er fordi det ikkje er høve til å motrekne i framtidige tilskot. Kravet kan fyrst oppstå etter at ein søknad er levert til kommunen.

Fylkesmannen må sjølv slette eller redusere attståande eigne trekk (sjå listene PT-880 og PT-883) i trekkrutina Saturn. Dette for at attståande trekk skal vere oppdatert før neste utbetaling.

### 7.4 Rekkefølge på trekk i tilskotet

Etter at tilskotet er berekna blir eventuelle trekk trekt ifrå tilskotet. Trekkrekkefølgen er:

Berekna tilskot før trekk

- 746 botnfrådrag
- 741 trekk pga. seint levert søknad
- avkortingar
  - 760 avkorting pga manglande gjødselplan
  - 761 avkorting pga manglande journal over plantevernmidler
  - 757 avkorting pga feilopplysning
  - 762 avkorting pga mattilsynetsak
  - 756 avkorting pga brudd på anna regelverk
- 758 krav om tilbakebetaling
- eksterne trekk (t.d. utleggskrav frå namsmannen). Trekkast etter prioritert rekkefølge

Trekk kan ikkje trekkast frå avløysartilskot, distriktstilskot for frukt, bær og grønt og distriktstilskot for produksjon av matpotet i Nord-Noreg.

## 8 Utmåling til føretak i driftsfellesskap

I søknadsskjema skal føretaka gje beskjed om dei er i driftsfellesskap med andre føretak. I sakshandsaminga kan kommunane huke av for at føretaka vil få same utbetaling ved separate søknader som om dei hadde søkt samla. Viss kommunane har huka av for dette for alle føretaka i driftsfellesskapet, vil føretaka få utbetaling i den sentrale utbetalinga om ikkje andre forhold førar til at søknaden vert stoppa. Sjølv om føretaka får utbetalt tilskot gjennom sentral utbetaling, må kommunen likevel sjekke om føretaka i driftsfellesskapet har vorte trekt rett botnfrådrag. Viss det blir feil, må dette eventuelt rettast manuelt.

Søknader til føretak i driftsfellesskap som søkjar separat, og som ikkje får lik utbetaling som om dei hadde søkt samla, må kommunen behandle manuelt. Føretaka dette gjeld kjem på lista PT-1003 over søknader som er stoppa, og ligg med kode 642.

Føretak som inngår i driftsfellesskap kan få utbetalt tilskot tilsvarende det samla dyre- og arealtalet som blir disponert innanfor driftsfellesskapet. Dei kan søke samla på *eitt* av føretaka eller kvar for seg. Om det er eit sameige eller liknande, søker dei på *det* føretaket. Til saman skal det bli betalt ut like mykje tilskot i alle tilfella. Dette inneber blant anna at det berre skal trekkast tilsvarende eit botnfrådrag i desse tilfella, sjølv om føretaka i driftsfellesskapet har levert kvar sine søknader.

Brutto tilskot til alle føretak i driftsfellesskapet blir redusert med like stor prosentdel som det tilskotet til driftsfellesskapet utgjer av kor mykje tilskot alle føretaka samla ville fått ved separat drift og utmåling. Reduksjon i tilskot grunna driftsfellesskap skal bereknast på bakgrunn av brutto tilskot. Trekk som følgje av seint innsend søknad skal først på gjeldande føretak.

$$\frac{\text{Samla brutto tilskot ved driftsfellesskap}}{\text{Summert brutto tilskot til alle føretaka separat}} = \text{Prosentdel av tilskot føretak har rett på}$$

### 8.1 Utmåling av maksrefusjonsgrunnlag for avløyсарutgifter

Føretak som var i driftsfellesskap per 1.1.2015 har rett på eit felles maksrefusjonsgrunnlag for avløyсарåret 2015. Maksrefusjonsgrunnlaget for føretaket er lik summen av grunnlaga for føretaka i driftsfellesskapet, men maksimalt 74 200 kroner. Viss føretaka søkjar separat kan ein fordele refusjonsgrunnlaget mellom dei to føretaka som ein ønskjer. Dersom ikkje noko anna er avtalt kan maksrefusjonsgrunnlaget fordeles andelsmessig ut ifra kor stor mykje kvart føretak ville ha fått dersom dei ikkje var i driftsfellesskap.

#### *Døme på fordeling av maksrefusjonsgrunnlag*

Føretak 1 har 10 mjølkekyr og har eit maksrefusjonsgrunnlag på  $10 \cdot 3\,557 = 35\,570$ kr

Føretak 2 har 30 mjølkekyr og har eit maksrefusjonsgrunnlag på  $30 \cdot 3\,557 = 106\,710$ kr, som blir avgrensa til 74 200kr.

Til saman har dei eit grunnlag på  $35\,570 + 74\,200 = 109\,770$ , som blir avgrensa til 74 200.

Føretak 1 vil da ha rett på ein andel på 32,4 % ( $35\,570/109\,770$ ), og føretak 2 har rett på ein andel på 67,6 % ( $74\,200/109\,770$ ).

Føretak 1 sitt maksrefusjonsgrunnlag blir da:  $74\,200 \cdot 32,4\% = 24\,041$

Føretak 2 sitt maksrefusjonsgrunnlag blir da:  $74\,200 \cdot 67,6\% = 50\,159$

## 8.2 Vedtak til søkjarar i driftsfellesskap

I tilskotsbrevet skal det vere ei eiga linje for netto utbetalt tilskot som viser kor mykje tilskotet blir redusert på grunn av driftsfellesskap.

Kommunene må også legge ved ei grundigare utrekning til tilskotsbrevet, der søkjar skal få følgjande informasjon om korleis reduksjonsbeløpet for driftsfellesskap er rekna ut:

- utrekna tilskot ved separat drift per føretak og samla dersom føretaka var åtskilt
- utrekna tilskot for driftsfellesskapet samla,
- prosentdelen driftsfellesskapstilskotet utgjør av samla tilskot ved separat drift,
- kor stor reduksjon i tilskotet dei får kvar som følgje av driftsfellesskapet.

Desse opplysningane kjem fram av oppsummeringa i reknearket og kan kopierast inn som vedlegg til vedtaket.

### *Døme på vedtak ved driftsfellesskap (januaromgangen 2016) - produksjonstilskot:*

To føretak inngår i driftsfellesskapet; Begge føretaka har mjølkekyr.

#### Føretak 1:

TILSKOT TIL HUSDYR:						
Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr	Sats pr. dyr	Sats- intervall	Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	10			
		Sum dyr i gruppen:	10	1974	1 - 16 dyr	19740
2-Storfe	119	Storfe	6			
		Sum dyr i gruppen:	6	392	1 > dyr	2352
		Sum tilskot til husdyr			kr	22092

DRIFTSTILSKOT TIL MJØLKEPRODUKSJON:					
Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr	Kroner	
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	10		
		Sum dyr i gruppen:	10		
		Sum driftstilskot		kr	62385

Brutto tilskot	kr	84477
<b>Reduksjon for driftsfellesskap, 38 %</b>	<b>kr -</b>	<b>31799</b>
Botnfrådrag, jf. jordbruksavtala	kr -	3000
Netto tilskot	kr	49678
Til utbetaling	kr	49678

#### Føretak 2

TILSKOT TIL HUSDYR:						
Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr	Sats pr. dyr	Sats- intervall	Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	18			
		Sum dyr i gruppen:	18	1974	1 - 16 dyr	



2-Storfe	119	Storfe	38	1016	17 - 25 dyr	33616
		Sum dyr i gruppen:	38	392	1 >	dyr 14896
		Sum tilskot til husdyr				kr 48512

## DRIFTSTILSKOT TIL MELKEPRODUKSJON:

Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr	Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	18	
		Sum dyr i gruppen:	18	
		Sum driftstilskot		kr 62385

Brutto tilskot	kr	110897
<b>Reduksjon for driftsfellesskap, 38 %</b>	<b>kr -</b>	<b>41744</b>
Botnfrådrag, jf. jordbruksavtala	kr -	3000
Netto tilskot	kr	66153
Til utbetaling	kr	66153

**Døme på vedtak ved driftsfellesskap (januaromgangen 2016) - avløysartilskot:**

## TILSKOT TIL HUSDYR:

Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr	Sats pr. dyr	Sats- intervall	Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	10			
		Sum dyr i gruppen:	10	1974	1 - 16 dyr	19740
2-Storfe	119	Storfe	6			
		Sum dyr i gruppen:	6	392	1 >	dyr 2352
		Sum tilskot til husdyr				kr 22092

## DRIFTSTILSKOT TIL MJØLKEPRODUKSJON:

Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr	Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	10	
		Sum dyr i gruppen:	10	
		Sum driftstilskot		kr 62385

## AVLØSERTILSKUDD FOR 2015

Maksimalt tilskudd for 2015	kr	59227
-----------------------------	----	-------

Felt:	"Søker har arbeidsgiveransvar"	kr	130089
Felt:	"Avløserlaget har arbeidsgiveransvar"	kr	0
Felt:	"Avløsering"	kr	0
Felt:	"Landbruksvikar"	kr	0
	Sum avløsertilskudd	kr	59227

Brutto produksjonstilskot	kr	84477
<b>Reduksjon for driftsfellesskap produksjonstilskudd, 38 %</b>	<b>kr -</b>	<b>31799</b>
Brutto avløsertilskudd	kr	59227
Reduksjon for driftsfellesskap avløsertilskudd, 20 %	kr -	11845
Botnfrådrag, jf Jordbruksavtala	kr -	3000
Netto tilskot	kr	97060
Til utbetaling	kr	97060

### 8.3 Vedlegg til tilskotsbrev

Kommunen må sende reknearket som gjeld føretaka som vedlegg til fylkesmannen, når dei ber om hjelpeutrekning eller manuell utbetaling. I vedtaket til føretaket må kommunen legge ved ein kopi av tabellen frå arkfana oppsummering i reknearket.

Beløpskode	Føretak 1	Føretak 2	SUM Føretak	Felles søknad
1. Tilskot til husdyr	22 092	48 512	70 604	59 446
65. Driftstilskot i mjølkeproduksjonen	62 385	62 385	124 770	62 385
71. Driftstilskot til spesialisert storfekjøtproduksjon	0	0	0	0
74. Arealtilskot	0	0	0	0
73. Kulturlandskapstilskot	0	0	0	0
66. Tilskot til økologisk husdyrhald	0	0	0	0
60. Tilskot til omlegging av økologisk landbruk	0	0	0	0
72. Arealtilskot økologisk landbruk	0	0	0	0
22. Utmarksbeitetilskot	0	0	0	0
77. Beitetilskot	0	0	0	0
<b>Brutto tilskot ved separat søknad</b>	<b>84 477</b>	<b>110 897</b>	<b>195 374</b>	<b>121 831</b>
<b>Prosentdel av tilskot føretak har rett på</b>	<b>62 %</b>			
Reduksjon for driftsfellesskap, 38 %	31 799	41 744	73 543	
<b>Brutto tilskot ved driftsfellesskap</b>	<b>52 678</b>	<b>69 153</b>	<b>121 831</b>	
<b>Bunnfradrag</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>		



Saksbehandler  Saturn grunnlagsnr

Saturn vedtaksnr

Bkode	Tekst	Hjemmel	Transport	Beløp	KID
001	Beregnet prod.till. husdyr etter avgrensing	100	1	13776	
065	Driftstilskudd melkeproduksjon	100	65	38902	
746	Bunnfradrag	0	0	3000	
999	KONTROLLSUM (NETTO UTBETALT)	0	0	49678	

Sum netto utbetalt

Sum netto tilskudd

Sum trekk tilbakeført på ordningene

Med helsing  
for Landbruksdirektoratet

Nils Einar Eliassen  
seksjonssjef

Trine Thanh Ha  
rådgivar